

Referat frå møte i FAU Ostereidet barneskule den 20.01.16.

Til stades:

Eva Hindenes (1. klasse), Siv Merethe Fønnes Midtgård (2. klasse), Tone Totlandsdal (3. klasse), Christine Veland (6. klasse) og Bente Merethe H. Færø (7. klasse).

Ikkje til stades: Therese Hopland (4. klasse), Ane Johanne Hågensen (5. klasse).

Sak 1: Godkjenning av referat frå 03.12.15.

Referatet godkjennas.

Sak 2: 17. mai.

Det blir møte den 18.02.16. Rep frå 2, 4 og 7. klasse skal møte. Dersom ein ikkje kan møta, må vara møte. Det kjem ut brev om dette, FAU rep kan også legge ut på fb sida til dei aktuelle klassene.

Sak 3: Utbetring av veg.

Det er sendt 2 brev til kommunen utan at det er kome svar. Utegruppa hadde også tatt opp utbetring av veg. Eva tek kontakt pr telefon til Arne Eikefet for å be om svar.

Sak 4: TEMAKVELD.

Det er møte i FAU den 03.02.16 kl 19 – 21. Denne kvelden vil FAU jobbe vidare med temakvelden. FAU har bestemt at det skal jobbe vidare med fokus på nye ordensreglar og mobbing.

Tema mobbing og konsekvens av mobbing, har vært mykje opp i media det siste halve året.

Sak 5: UTEGRUPPA.

Christine informerer om at det jobbast vidare med å utvide / utbetre Naturstien.

Gruppa hadde også hatt opprustning av sykkelbanen som eit tema.

Christine ber referent av utegruppa om å sende referatet til skulen, slik at det kan leggjast ut på skulen si side.

Sak 6: evt.

Det er kome inn tips om at FAU kan gje headsett i fbm med framsyningar. Mikrofonar fungerer ikkje alltid like godt. Dette er eit veldig godt forslag. FAU har imidlertid lovd pengar til Grillhytta og denne må ferdigstillas før det blir lovd pengar til anna utstyr.

Det er også kome forslag om at FAU skal være pådrivar til aktivitetsskog. Jamvel om det er eit godt forslag, meiner FAU at det ikkje er ei oppgåve for FAU.

Siv Merethe Fønnes Midtgård

Referent